

# Retningslinjer for bruk av skjønsmidlar

Retningslinjer for skjønsmidlar ved Høgskulen i Volda (HVO)	
Dokumenteigar: Forskingsadministrasjonen	Lagt fram for Forskingsutvalet: 26.02.2026 Fastsett av direktør: 05.03.2026
Dokumentansvarleg: Forskingsadministrasjonen	Versjon: 1

## 1 Formål og avgrensing

Fagleg tilsette ved Høgskulen i Volda (HVO) kan få støtte til tiltak som fremjar forskingsaktivitet og fagleg utviklingsarbeid gjennom ordninga skjønsmidlar. Ordninga skal bidra til å styrke forskings- og utviklingsarbeid ved HVO.

## 2 Om ordninga

Forskingsgrupper og andre kan søkje om skjønsmidlar. Søknader vert handsama av Forskingsadministrasjonen og tildelt etter samråd med leiar i Forskingsutvalet. Det er ein føresetnad at søknaden er godkjent av dekan. Skjønsmidlane skal nyttast til konkrete tiltak og aktivitetar knytt forskning og fagleg utviklingsarbeid, forskingssamarbeid og nettverksbygging, men som ikkje overlappar ordningane Utanlandsstipend og Såkornmidlar.

## 3 Vilkår for støtte

- Forskingsutvalet fastset årleg budsjetttramme for ordninga. Denne vert styrande for omfanget av ordninga kvart år.
- Ein einskild person skal vere søknadsansvarleg.
- Det må argumenterast for korleis aktiviteten passar med dei strategiske måla til avdelinga og HVO.
- Søknaden kan involvere eksterne partnarar, men ansvarleg søkjar må vere tilsett ved HVO.

Forskingsutvalet oppmodar søkjarar til tverrfagleg og internasjonalt samarbeid.

## 4 Krav til søknaden

Søknaden skal innehalde ei kort skildring av tiltak/aktivitet, budsjett, og informasjon om fagleg formål og relevans. Maksimalt søknadsbeløp er kr 50 000 per søknad.

## 5 Vurderingskriterium

Søknadane vert prioriterte ut frå ei avveging av følgjande kriterium:

- søknader retta mot tiltak som er relevante og strategisk viktige for HVO
- dei som ikkje har motteke skjønsmidlar tidlegare
- dei som skal søkje konkrete aktivitetar/tiltak i nær framtid

Normalt kan ein søkjar få innvilga maksimum *én* søknad om skjønsmidlar kvart kalenderår.

## 6 Dokumentasjon

Søknader om og tildelingar av skjønsmidlar vert arkivert.

## 7 Tildeling og utbetaling

Søknader vert handsama fortløpande. Informasjon om budsjetteining kostnadane skal førast på og prosjektnummer, vert formidla i e-post ved tildeling av støtte. Unyttar midlar vil verte trekt inn ved årsslutt.